

**Sakshandsamar:**

Bjørn Birger Bremer

E-post: bjorn.birger.bremer@sfj.no

Tlf: 57 65 61 31

Vår ref.

Sak nr.: 09/418-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4677/09

Dykkar ref.

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Dato
LEIKANGER, 20.02.2009

Forvaltningsreforma - Høyringsnotat om lovforslag Veglova og vegtrafikklova

Vi viser til vårt brev datert 10.02.09 der vi oversende fylkesrådmann si tilråding til fråsegn.

Fylkesutvalet har no handsama høyringsfråsegna og gjorde på møte 18.02.09, sak 22/09, slikt vedtak:

” Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylgjande merknader til forslaget til ny lov om overføring av rettar og plikter ved gjennomføring av forvaltningsreforma og til forslaget til endringar i veglova og vegtrafikklova:

- 1 Det nye ansvaret på samferdsleområdet må kompenseras økonomisk fullt ut, herunder etterslepet på vedlikehald (forfall) som for det øvrige riksvegnettet i Sogn og Fjordane (1205 km) er kalkulert til 796 mill kr. Staten må utarbeide ein forpliktande plan over maksimum 10 år for kompensering av dette etterslepet. Det er turvande med ei vesentleg auke i løyvingane til vedlikehald av det øvrige riksvegnettet for å unngå endå større forfall. Denne auken må innarbeidast i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2010 som kompensasjon for det nye ansvaret for det øvrige riksvegnettet.

Det er ikkje ynskjeleg å innføre ein eigen ovegangsbestemmelse i § 62 i veglova som seier at omklassifisering av riksvegar i samband med forvaltningsreforma kan unntakast frå føresegnene i §7 som set krav til skikkeleg vegstandard ved overføring veg frå eit forvaltningsnivå til eit anna, dersom dette ikke vert kompensert i framtidige løyvingar.


- 2 Fylkeskommunen må frå 2010 ha handlingsrom til å tilpassa og utforma samferdslepolitikken i eige fylke innafor overordna nasjonale ramme. Vi føreset at Samferdsledepartementet og Statens vegevesen følgjer opp dette.
- 3 Det må ikkje leggjast opp til auka standard eller auka omfang i nye funksjonskontraktar som vert inngådde av staten i 2009 for drift og vedlikehald av det øvrige riksvegnettet - utan etter nærare samarbeid og avtale med fylkeskommunane.
- 4 Det er viktig at fylkeskommunane står fritt i å organisere den overordna styringa og leiinga av den nye fylkesvegsektoren der den felles vegadministrasjonen vert direkte underordna fylkeskommunen når det gjeld fylkesvegane. Korleis arbeidsdelinga skal vere



mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen må kvar einskild fylkeskommune avgjere etter drøftingar med vegvesenet. Ein føreset likevel at det vert overført nok administrative ressursar frå sentralt til regionalt nivå for å handtere dei nye oppgåvene som vert overført.

- 5 Dersom staten gir nye nasjonale føringar for minstestandard for tiltak ved utbygging og vedlikehald av fylkeskommunale vegnett, og dette vert heimla i forskrift, må det dekkast gjennom auke i rammetilskotet. Dette på grunn av m.a. det store etterslepet på vedlikehald (forfall) som det øvrige riksvegnettet har.
- 6 Fylkeskommunane bør overta ansvaret for å godkjenne lokale og regionale bompengepakkar som gjeld lokale og regionale vegar.
- 7 Takstmynde knytt til fylkesvegferjene bør overførast til fylkeskommunane i tråd med det finansielle ansvarsprinsippet.
- 8 Ved utvida ansvar for trafikktryggleik ved endring av § 40 A i vegtrafikklova, med eventuelt nye forskrifter, må kostnaden ved gjennomføring av dette måtte dekkast gjennom auke i rammetilskotet.
- 9 I tilfelle der forskottering, bompengeprojekt eller ferjeavløysingsmidlar er godkjent, men ikkje refundert, må dette takast høgde for med tilsvarande auke i rammeoverføringa dei gjeldande åra.”

Med helsing



Bjørn Birger Bremer
assisterande fylkesrådmann

Kopi: Regionvegsjefen, her